



Akvator AS

Referanser:

Dykkar: Sarah Fagertun Eggereide
Vår: 15/1419 - 15/21538

Saksbehandlar:

Anne-Lise Næs Olsen
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

02.12.2015

Tilbakemelding om KU - ytterlegare flytting av lokalitet - Bom Fiskeoppdrett AS

Me viser til KU som me mottok 30.11.2013 og til diverse kontakt på telefon og e-post i saka.

Me har vore i kontakt med fylkesmannen når det gjeld naturmangfald og biologisk mangfald. Me er gjort kjend med at her er biologisk mangfald i området som me lyt ta omsyn til. Desse opplysningane må leggast avgjerande vekt i vidare arbeid med saka. Lokaliteten lyt difor flyttast enda lenger søraust enn det som er føreslege i dispensasjonssøknad og KU, og lokaliteten lyt flyttast minimum 500-600 meter lenger søraust, og slik at tiltaket ikkje kjem i konflikt med biologisk mangfald i området.

KU lyt såleis utvidast til å omfatte eit vidare område som strekkjer seg lenger søraust, og nye naboar/grunneigarar som vert råka av endra plassering, lyt takast med når KU skal sendast på høyring og offentleg ettersyn. Administrasjonen har elles ikkje noko å merkje til konsekvensutgreiinga.

Dispensasjonsspørsmålet med ny plassering vert vurderast på nytt når me har motteke KU for ny plassering, og i samband med høyring og offentleg ettersyn. Konsekvensutgreiinga lyt sendast på høyring og leggast ut på offentleg ettersyn etter same reglane som i *Forskrift om konsekvensutredning for planar etter plan- og bygningslova*, og fristen for å gje uttale skal vere minimum 6 veker.

Ta kontakt dersom du har spørsmål i saka.

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen
Fagansvarleg Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kopi til:
Blom Fiskeoppdrett AS

Mottakere:
Akvator AS